

NEI TIL VINDMØLLER I KVINNHERAD

I mi høyring til Olje og energidepartementet vil eg først peika på nokre viktige motargument og dilemma ved utbygging av vindkraft. Deretter vil eg sjå på de ulike områda i kommunen som Rammeplanen framhevar som veileigna for vindkraft med utgangspunkt i sentrale kriteriar som naturkvalitetar, kultur, reiseliv, friluftsliv, kulturminne etc. og avslutningsvis oppsummera argumentasjonen med ein klar tilråding om at Kvinnherad vert teke ut av NVE sin Nasjonale Ramme For Vindkraft.

Generelle betraktningar som talar mot landsbasert vindkraft om det skjer i Kvinnherad eller i andre kommuner og område som er «blinka ut» av NVE:

- Naturinngrep i form av opp til 250 høge vindkraftturbinar.
- 800 m. anleggsveg og oppstillingsplass på storleik med ein halv fotballbane pr. turbin.
- Tap av urørt natur og naturområde gjennom irreversible naturinngrep med sprenging, fyllmassar og skjæringar. Samla sett den mest plasskrevjande arealsaken i Norge nokon gong og det når vi pr. i dag vi knapt har 12% villmarksprega natur.
- Støy opp mot 110 desibel, blinkande høytintens lys og farlege iskast frå turbinane som vil vera synelege på minst 50 km avstand.
- Skadar på dyre, fugle og insektliv.
- Private selskap (ofte utenlandske) tar ut profitten.
- Inngrepa legg øyde landskap, truer artsmangfaldet, vårt livsgrunnlag, naturoppleving og glede.

(Kjelde: Bergen og Hordaland Turlag)

Inngrepa er permanente og øydelegg naturmangfald og landskap og framtidige generasjonars tilgang til meir eller mindre urørt natur. Vi har 12% urørt natur igjen på landsbasis, 5% i Sør-Noreg. Både på Vestlandet og elles i landet er urørt natur eit langt knappare gode enn energi

Det er fleire andre dilemma knytta opp mot utbygging av landbasert vindkraft:

1. Kan storstilt, massiv og permanent øydeleggjing av natur og artsmangfald forsvarast juridisk ut frå Allemansrettens prinsippar, Lover som regulerer natur og dyrevelferd eller Grunnlovens paragraf 112, sitat: «Enhver har rett til et miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturens ressurser skal disponeres ut frå en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten». Kan en forsvare å utvikle tvilsom ny grøn energi med disse juridiske prinsippa som bakteppe ?
2. Ei anna problemstilling er av demokratisk / sentrum-periferi karakter: Er det rett at staten / sentralmakta, skal kunne overstyra lokaldemokratiet i distriktskommunane og lokalbefolkninga sitt oppvekstmiljø og livskvalitet, og til og med favorisera vindkraftutbygging gjennom gunstige rammevilkår som subsidierar private selskap som i neste instans tek ut profitten ?. Og dette når ein veit det finns langt meir skånsomme måtar for uttak av grøn energi?
3. Det er og problematisk og undergravande at den lokale infrastrukturen av stiar, hytter, anlegg og anna tilrettelegging ofte tufta på dugnad og frivilligheit no kan bli ramma av forsert og sentralt bestemt utbygging av vindkraft. Vårt lokale og dugnadsdrevne Fjellhaugen skisenter vil t.d. bli sterkt skadelidande om det kjem vindmøller på det populære ski og toppurfjellet Ingahogg rett i nærleiken (sjå under).
4. Det er demoraliserande og undergravande for folks rettsoppfatning at ein tilsynelatande kan rasera natur og landskap med sentralmaktas velsigning, mens det, i mange tilfelle, er nærast umogleg t.d. å få reist ei lita hytte eller eit hus på farsgarden.

Nei til vindkraft i Kvinnherad

I min heimstadkommune Kvinnherad er alt 85 % av vasskrafta bygd ut tilsvarande om lag 3% av grøn norsk energi. Like fullt inngår store delar av Blådalen - Fjellhaugenområdet opp mot Folgefonna Nasjonalpark i nord, øyane Halsnøy, Fjelberg og Borgundøy i sør via fjella i Uskedalen, Husnes, Utåker og Åkra / Baugstranda i NVE sin «Nasjonale ramme for vindkraft» som kartlegg moglege framtidige områder for vindkraftanlegg.

Gjennomgang av dei aktuelle områda

1. Blådalen – Fjellhaugenområdet, Åkra - Baugstranda

Fjell - turmål - friluftsliv

«Topplåm, Midtlåm, Håvardslåm, Pinselåm, Helgeheng, Vetrhusrenno», er lokale namn på ski-trasear ned frå fjellet Blådalsborgjo og kalt Bukkanuten (1302moh) i Blådalsområdet. I nærleiken ligg og Brandvikhorgjo(1056), Storebjørnsli, Sandvasshorgjo (1163) og Kvanndalsnuten (1091). Toppene Brattagrød (1111), Vardafjell(1056) og Vetle og Storevarden (lokale namn) ligg litt lenger nede i same området. Aust og søraust for Fjellhaugvatnet ligg det lokale skianlegget Fjellhaugen Skisenter med alpinbakke, langrensløype og oppkjøyrde turløyper inn mot Nautavatnet og Frankrikeheiane. Rett sør / søraust for skisenteret ligg kanskje det mest brukte toppturfjellet i området Ingahogg (965), tilgjengeleg heile året, med fine nedfarter m.a. mot Nautavatnet, «Sørsida» og «Fuglatjødnslåmo». Ingahogg, Nautavatn, Frankrikeheiane, Reikatindane, Storebjørnsli med Sandvasshorgjo og terrenget inn mot Kvanndalsnuten er eit særst populært og lett tilgjengeleg område for tur og fjellskiløping som blir nytta av store brukargrupper frå nær og fjern.

Frå eg flytta til Kvinnherad i 1988, har eg saman med skivenar nytta desse fjella og nedfartane til mange fine toppturar. Eg har eit nært og personleg forhold til desse traseane og dette enda vakre landskapet til tross for at det til dels er sterkt prega av kraftutbygging gjennom dei siste 70 år. Likevel er det eit særst viktige turområde sommar som vinter, både for lokale og tilreisande.

Området er prega av utsikta mot Folgefonna og nasjonalparken i nord, Melderskin og Rosendalsalpane i vest, fjella på austsida av Åkrafjorden i aust / søraust og ytre del av Hardangerfjorden, nordspissen av Haugalandet, Halsnøy, Borgundøy og Stord i vest og vindmøllane på Fitjarfjellet i nordvest.

Det er viktig å poengtera at området som her er omtalt i minst like stor grad blir nytta i den snøfrie delen av året til turar, jakt, fiske og sanking av bær og molter. Dessutan er områda sommarbeite for sau frå Kvinnherad og andre delar av Sunnhordland.

Det er om lag 40 hytter (private og opne for alle) og 37 stølar / sel med stølshus, som i dag vert nytta til friluftsføremål.

Reiseliv / turisme

Desse områda ved innløpet til Hardangerfjorden er særst viktige for reiseliv og turisme, frå cruiseanløp, båt og bobilturisme til naturbasert reiseliv (padling, guida ski, sykkel og fotturar, organisert jakt og hytteutleige) og med viktige kulturdestinasjonar som Baroniet i Rosendal, Folgefonnssenteret og Galleri Guddal. I Rammeplanen for vindkraft s. 173 heter det under punktet reiseliv: «Ytre deler av Hardangerfjorden ligger innenfor det utpekte området.

Hardangerfjordregionen er profilert som en av de mest berømte fjordene i Norge, med spektakulær

natur og noen av de mest imponerende fotturene i Norge». Dette blir bekrefta av boka «Opptur Hordaland» som viser stiar til kjente ikoniske fjell i kommunen både i Rosendal, Blådalen - Fjellhaugen og Uskedalen - Husnesfjella. I tillegg kjem ski og toppturar til mange av dei same fjella, nemd i boka «Toppturar i sørvest» frå Fri Flyt. I utkantbygdene Matre, Baugstranda og Åkra viser ein kjapp lokal gjennomgang 33 ulike aktivitetar knytta opp mot økoturisme. Dette er særskild viktig aktivitetar som er med å halda liv i desse bygdene både på Kvinnherad og Etnesida av Åkrafjorden. Desse døma, med overføringsverdi til andre utkantkommunar, viser korleis utbygging av vindkraft og store naturinngrep undergrev trivsel og livskvalitet, næring og økoturisme som bidrar til at folk framleis kan og vil bu i desse utkantane.

Kulturminne

Ved Fjellhaugvatnet ligg ein gamal restaurert fjellgard. Det er og registrert eit gammalt Klebersteinsbrot på toppturfjellet Ingahogg. På Sunde i Matre ligg det ei godt bevart hustuft av eit langhus (35 x 10m) frå folkevandringstida, kring 400 år e. Kr. (Folgefonna og fjordbygdene s 431 – 431).

Fugl og vilt

Det mykje rype og orre i fjellet. Kongeørn, havørn, jaktfalk, orre, snøspurv og hornugle er observert i Blådalen / Fjellhaugenområdet. Det er og observasjonar av fjellrev i området.

Oppsummering område 1

Ei eventuell ny utbyggingsrunde, i tillegg til inngrepa etter vasskraftutbygginga, med dominerande vindmøller, oppstillingsplassar med store anleggsvegar, skjæringar og anna infrastruktur vil etter vår meining fullstendig øydeleggja desse områda. Både for folk som nyttar terrenget til ulike friluftaktivitetar som ski, jakt, fiske, fotturar og også som sommararbeite for sau og sjølvsgatt for dei som har hytter i området. Det same gjeld og i høve turisme / reiseliv, ei næring som i dag er i vekst både sentralt i kommunen og i utkantbygdene.

2. Uskedal, Husnes, Valen og Utåkerfjella

Fjell - turmål - friluftsliv

I Uskedalsfjella kan området rundt Mannsvatnet, Solfjell og Tverrfjell vera aktuelt for vindmølle-utbygging i NVE sin utgreiing. Dette terrenget blir nytta som friluftsområde, (tur, jakt, fiske, bær) og det er rundt 10 hytter og 13 registrerte støler i området.

Dei sørlegste alpine fjellformasjonane i Norge: Englafjell (1200) og Ulvanåso (1246) omtalt i »Opptur Hordaland» (Bergen og Hordaland Turlag) og Geitadalstid er populære turmål både sommar og vinter. Skitrasear ned frå Geitadalstind og Englafjell er og tatt med i «Toppturar i sørvest» (Fri Flyt). Bremstølen og Mjelkhaug (1005) omtalt i Opptur Hordaland, Nordefjell og Svanaheio er og mykje brukte og lett tilgjengelege turområde i gangavstand frå Husnes og Valenområdet. Desse områda er mykje nytta av folk frå Husnes, Valen og Sunde, men og av tilreisande, og er særskild viktige ut frå eit friluft og folkehelseperspektiv på grunn av kort avstand, lett tilgjenge og høg bruk.

Interesselaget «Varhaugselets venar» står bak reising og opprusting av fire opne hytter i Husnes - Valen - Utåkerfjellet under mottoet: «Ope for alle alltid». Alle desse prosjekta er gjennomført på dugnad med innsamla midlar og er særskild viktige for friluftslivet i ytre del av Kvinnherad både for lokalbefolkning og tilreisande. I regi av idrettslaget Ternen er det, på dugnad, laga ein populær 3km lang langrennstrase med flomlys i Tveitedalen innafor Utåker.

På Husnes er lokale dugnadsgrupper i ferd med å ferdigstille turstiar langs Opsangervatnet og på Sunde opp mot Kaldestadåsen (270). Grusvegen inn Handelandsdalen på Valen til rastehytta på Feto og traseen langs den gamle «Trondheimske Postveg» frå Husnes via Valen og Sandvoll til Ølfarnes på Utåker er og sær populære turmål. Denne går vidare på andre siden av fjorden frå Skånevik til Etne, og har fått merknader frå Riksantikvaren i «Nasjonal ramme for vindkraft» s. 173. Postvegen er opphavelig frå 1700 talet og er restaurert gjennom eit mangeårig lokal dugnadsprosjekt og tilskot frå Statens Vegvesen. Den nye anleggsvegen opp Valedalen til Valedammen frå 1910 er og mykje brukt. Friluftsområda: Valøyo, Kolsøy og Løkjelsøy mellom Valen - Sunde og Halsnøy er populære turmål for båtfolket.

I «Fylkesplan for småkraftverk i Hordaland 2009 – 2021» heiter det elles om fjellområda i Husnes, Valen og Utåkerfjella:

- «Området kring Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanoso har sårbart høgfjell av stor verdi».
- «Mjelkehaug, Englafjell og Ulvanoso er svært viktige regionale friluftsområder».
- Mykje nytta oppfartsområde er i sør Tveitedalen- Børsdalen, Handelandsdalen, Hellandslia, Eikedalen og Uskedalen.
- Mellom anna i Handelandselva (Som er ein del av Børsdalsvassdraget) er det vassdrag og fossar med stor verdi for landskapsoppleving.

Børsdalsvassdraget bør ha særleg merksemd, då det er heilt urørt av kraftutbygging. I sørvest renn elva i INON (inngripsfrie naturområder i Norge) – sone 1 og 2 - gjennom Børsdalen til Tveitedalen og Handelandsdalen til fjorden på Handeland.

I Tveitabotn mellom Handelandsdalen og Tveitedalen finns det eit interessant skogsområde med urørd skog og eit naturreservat med stor bestand av barlind. Ein av dei største edellauvskogane i Hordaland som strekkjer seg over fleire km finn vi i Holmedalsberget v. Matersfjorden. Desse områda er henvist til i Naturhistorisk vegbok s.260.

I område 2, frå Uskedalen til Utåkerfjella, er det, i følgje boka «Stølar og setrar i Kvinnherad» registrert 33 stølar med hus som i vår tid nyttast til friluftsføremål og omlag 20 hytter. Fjellet i området blir nytta til rekreasjon og friluftsliv sommar og vinter, samt til jakt, fiske og er tilrettelagt med et nettverk av stiar og opne hytter (som nemnd over). I tillegg er det beiteområde for sau.

Reiseliv / turisme

Klatrerutene og veggane opp mot Ulvanoso er ein klatredestinajon i vekst med omtale i utanlandske klatretidskrift og trekk til seg klatrarar frå inn og utland. Uskedalen har og ei populær båthamn med betydeleg besøk av tilreisande. Det same gjeld campingplassen ved utløpet av Uskedalselva som har bestand av laks og sjøaure.

Husnes har ei båthamn (kåra til landets beste båthamn tre år på rad) som er sær populær og trekk til seg mange gjestar som nyttar fasilitetane i Husnes sentrum og fjella i nærleiken (Bremstølen, Svanaheio, Melkhaug, Manen). Husnes har og campingplass og hotelldrift.

Kulturminne

I Uskedalen ligg den staselege Kapteinsgarden frå 1775. På Rød ligg det eit bygdetun med bygningar frå 17 – 1800 talet. Hoelfeldt- Lundhuset frå 1820 åra ligg på Husnes. Forfattaren Jonas Lie bodde her i ungdomsåra.

I eit mykje brukt turområde på Bjellandsneset, vest av Sunde mot Hardangerfjorden, ligg ei stor gravrøis frå Bronsealderen. På Bergslagen på Sunde, opphaveleg skipsbygger, vert det no på dugnad og gjennom offentlege tilskot utvikla eit kyst og litteratursenter.

Den restaurerte «Trondheimske postveg» som er framheva av Riksantikvaren er nemnd over under friluftsliv.

Fugl og vilt

Informantar meldar om observasjonar av: Fjellvåk, tiur, orre, skogsfugl, hubro, vandrefalk, tårnfalk, fjellvåk, musvåk, hønehauk, spurvehauk, storlom, storspove, bekkasin, rødstilk, heilo, rype, haukugle, kattugle, slagugle, kongeørn, og havørn i fjellområda frå Uskedalen til Utåker.

Viltforvaltaren i Kvinnherad opplyser at det er ein god bestand med kvitryggspett i Kvinnherad (Fylkesfugl i Hordaland). Kvinnherad er landets største hjortekommune som etter viltloven har krav på vern i følge viltforvaltaren. Det er og stor bestand av rådyr. I tillegg er det observert rev, mår, hare, snømus og røiskatt. Det blir og meldt om sporadiske observasjonar av gaupe og jerv.

Andre relevante opplysningar

Valen sjukehus (frå 1910 er) er eit levande og moderne psykiatrisk sjukehus med akuttpostar og langtidspostar inkludert lokal eining for sikkerhet i Helse Fonna. Behandlarar ved sjukehuset opplysar at ei utbygging med synlege vindturbinar i sterk grad vil påvirke drifta og vera negativt for behandlingsmiljøet. Valen sjukehus og Folgefonn DPS har i dag har omlag 55 plassar for inneliggjande pasientar. Ein betydeleg del av pasientane er innlagt på tvang på grunn av psykosetilstandar. «Lokalisering av store turbinar med støy, skyggekast og blinkande, kontinuerleg ljøs nattestid i hørbar og synleg avstand til sjukehuset vil øydelegge området som terapeutisk miljø» opplysar behandlarane.

Fleire av dei gamle sjukehusbygningane, sjukehusparken, sjukehusmuseet / sjukehussamlinga, sjukehuset sin gravlund, den gamle kraftstasjonen frå 1910 og delar av den øvrige infrastruktur inngår i «Verneplan for sjukehus». Også av denne grunn vil vindmøllelokalisering i området vera særskilt negativt.

Oppsummering område 2

Ei eventuell bygging av vindmøller med vegar, skjæringar, oppstillingsplassar og anna infrastruktur vil rasera det til dels opne, sårbare landskapet i området frå Omvikdalen via Uskedalen, Husnes, Valen og Utåkerfjella og forringa området verdi som friluftsområde både for lokale og tilreisande brukarar og som arena for naturbasert reiseliv (klatring) og anna reiseliv i området, samt i høve fauna og fugleliv og som beite for sau.

3. Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy

Halsnøy, «den grønne øya i Sunnhordland», vert også ofte omtala som «Perlo». Desse nemningane er ikkje tilfeldige, men fortel noko om dei natur- og kulturkvalitetane ein finn på øya.

Kulturminne - friluftsliv - tur og kulturløyper

Ei rekkje funn av steinøkser, reiskapar og gravhaugar på denne moreneryggen fortel om samanhengande busetnad frå eldre steinalder og fram til i dag. Halsnøy er elles kjend for alle gravrøysene av rullestein datert til bronsealderen. På ei strekning på vel ein kilometer ved Sydnes

sør på øya, finn ein ikkje mindre enn 17 slike røyser langs stranda, med den opphævelege 60 m lange Langrøysa ved ferjekaien som den største.

Bygdeborga på Tjobergshaugen frå folkevandringstida som inngår i Kvinnherad Turlag sin fjelltrim, og også garden Tofte med dei nærliggjande land-gardane Landa og Fjelland, som tyder på at dette var garden til ein småkonge før rikssamlinga, ber bod om at Halsnøy hadde ei spanande og rik historie i førhistorisk tid. Ei eldgammal segn om kong Half og slottet hans på Sjo på dåverande Halsna, skild frå innøya Toft ved Eid der Sæbøvik no ligg p.g.a. høgare havnivå, fortel om det same.

Topografien på Halsnøy må kunna kallast småkupert samanlikna med resten av Kvinnherad, der eit vel titalls åsar ragar opp frå fjordlandskapet med høgder på mellom 100 og 290 meter. Bortsett frå nordre delen av øya er dette i hovudsak urørd og opprinneleg natur, med eit rikt fugle og dyreliv.

Dei siste tjue åra har det blitt opparbeidd tur og kulturløyper opp til toppen av 10 av åsane på Halsnøy. Løypene er lagde slik at dei går innom natur og kulturlokalitetar i området, der ein finn informasjonsplakatar om lokaliteten og kart. Løypene er blitt eit svært populært tur og trimtilbod, mykje nytta både av lokale personar, turgrupper frå heile Sunnhordland og Haugarlandet, samt tyske fisketuristar og familiane deira. Desse løypene og dette trimtilbodet vil bli øydelagt ved ei vindmølleutbygging.

Halsnøy Kloster, etter tradisjonen etablert av Erling Skakke rundt år 1164, ligg på den nemnde moreneryggen, og var eit makt- og kultursenter i Sunnhordland i nær 500 år. Då klostera i Norge vart nedlagde i samband med reformasjonen i 1536, hadde Halsnøy kloster hand om meir enn 300 gardar på Vestlandet, og var ein vesentleg jordeigar og eit kultursenter i regionen.

Klosteret er i dag underlagt Sunnhordland Museum, og dei siste tiåra er det lagt ned mykje arbeid og ressursar for å få dei gjenverande bygningane restaurerte, og historia til klosteret fram i dagen og tilrettelagt for fastbuande og tilreisande. Ei permanent utstilling av informasjon og gjenstandar frå historia er etablert, og det årlege arrangementet Klosterdagane byr på føredrag, kunstutstillingar og konsertar med meir.

I mange år har fotokunstnarar frå ulike land nytta Halsnøy kloster til inspirasjonsopphald, og bilete frå desse opphalda kan ein i dag finna mange stader i verda. Det er eit mål framover å få Halsnøy kloster tilrettelagt for ein aukande turisme, gjerne i samarbeid med Baroniet i Rosendal. Ei av dei viktigaste drivkreftene bak arbeidet med dei mange tiltaka er den lokale organisasjonen Klostervenene.

Det flotte området ved Skarvasteinen nær Halsnøy kloster, med ei rekkje gravrøyser av ulik alder og langskipsnaust, er flott tilrettelagt dei seinaste åra i eit samarbeid mellom Sunnhordland Museum, Hordaland Fylke og Klostervenene. Tingplassen på Stølen ovanfor klosteret er også fint tilrettelagd i eit samarbeid mellom dei same partane. Det er bygd flotte gapahukar for besøkjande begge stader.

Det at cruiseskipa i aukande grad vitjar Rosendal, og at tunellen til Halsnøy no vert gratis, opnar for at turistane kan kome til klosteret med bussar frå Rosendal, i samband med ein rundtur i vakre Kvinnherad. Elles er det mange tyske fisketuristar på Halsnøy, som ofte ferierar i lokale utleigehytter.

Fjelbergøy

Kulturminne - friluftsliv

For vel hundre år sidan, den tid sjøen var den viktigaste ferdselsvegen på Vestlandet, var Fjelberg eit senter i Sunnhordland, og kommunesenter i Fjelberg kommune. Her ligg kyrkja, bygd i 1722 på tomte av ei langt eldre stavkyrkje. Her ligg også Fjelberg prestegard og bispestova som i dag er ei eiga stifting administrert av kulturorganisasjonar i Bergensområdet. Prestegarden blir nytta til ulike arrangement, og er også nytta som refugium og inspirasjonsverkstad for kunstnarar.

Her ligg også den gamle lensmannsgarden i Fjelberg kommune. Det bur i dag i underkant av 20 fastbuande på øya, og dei er avhengige av båt / ferje for å kome til fastlandet. Men det blir arbeid aktivt for å få bru eller tunell over til Sydnes på Halsnøy, som også vil kunna gje vegutløysing for naboøya Borgundøy. Ei slik vegutløysing vil etter alt å døme gje vekst i busetnad og folketalsutvikling på begge øyane.

Topografien på øya er dominert av nokre åsar mot nordvest, og det er truleg her vindturbinane er tenkt plasserte. Høgaste åsen er Påskeåsen i ei høgde av 182 m. Eit par andre åsar er noko lågare. Ei tur-kulturløype med start frå prestegarden og over Påskeåsen, Lågås og Høgås ut til naturperla Grunnvåg, med retur via skogsveg til Nordhus og ferjekaien har lenge vore under arbeid. Denne løypa vil ikkje vere aktuell om turbinane kjem.

Med vegsamband til øyane vil også den vakre Fjelberg Prestegard kunna bli aktuell som mål for kultur turisme, t.d. i eit samarbeid med Halsnøy Kloster og Baroniet Rosendal. Dette vil kunna gje arbeid og inntekter til dei fastbuande.

Borgundøy

Topografi – kulturminne - reiseliv

Topografien på denne øya er dominert av ein høg ås mot nordvest, Borgundnuten (462, det er truleg her vindturbinane er tenkt plasserte.

Storparten av busetnaden og gardane ligg på søraustsida av nuten, med unntak av gardane øvre og nedre Aksdal på nordvestsida mot fjorden.

Øya har vore busett like frå yngre steinalder, men synest å ha hatt ein spesielt rik kulturperiode frå jernalder og opp gjennom folkevandringstid og merovingertid til vikingetid. Ei rekkje gravhaugar frå desse periodane vart utgravne på 1860-1880-talet, og gav rike oldtidsfunn som i dag er å finne på Historisk Museum i Bergen.

Spesielt interessant var funna i Krekjahaugen på garden Øvsthus, der det vart funne ei dobbeltgrav frå folkevandringstid også den på Historisk Museum i Bergen. Denne gravhaugen er sjeldan, og velkjend i arkeologiske miljø, men lite kjend mellom folk flest på grunn av plasseringa på øya.

Turstien til Borgundnuten er nok eldgammal, for her vart bygd ein varde/vete under Håkon den gode si regjeringstid på 900-talet. Varden står der framleis, men vaktbua kan ein berre sjå nokre restar etter. Det seiast at ein frå nuten har utsikt til seks prestegjeld.

For om lag 10 år sidan vart denne turstien T-merka med informasjon om natur og kulturstader undervegs og på toppen, og løypa vart forlenga med retur ned mot Kattanakken og Møllesvik, og vidare på gardsveg mot Krekjahaugen og ferjekaien i Vik. Funna i Krekjahaugen er dokumenterte på

informasjonsplakatar med foto og tekst. Løypa inngår i Kvinnherad Turlag sin fjelltrim, men blir elles nytta både av fastbuande og tilreisande.

Fjelbergsund og Fjelberg Landhandel er eit mykje populært mål for båtturistane om sommaren, og dei er eit «must» for at butikken skal overleva i framtida. Desse turistane brukar også tur og kulturløypene. Ei anna tur-kulturløype, Sæbøløypa, vart opparbeidd for ein del år sidan, men har vore lite tilgjengeleg dei seinaste åra på grunn av skogshogst. Denne løypa går innom ei rekkje flotte kulturminne, og skal etter planen ryddast og oppgraderast i 2020.

Vegutløysing for Borgundøy vil også gjere dei mange kulturminna på øya tilgjengelege for turisme, med dei positive verknadene det vil kunne ha for lokalsamfunnet.

Fugl

På Halsnøy og Fjellbegrøy er det etablert ein stor og god bestand av havørn og det er fleire hekkplassar i området. Desse fuglane vil bli sterkt berørte og trua ved ei vindturbinutbygging.

Oppsummering område 3

Vindturbinar på opptil 250m på åsane på Halsnøy vil totalt dominera det lokale landskapet , og vil knapt fremje tursime / reiseliv som på sikt kan bli svært viktige for næringslivet på øya.

Argumenta mot opptil 250 meter høge vindturbinar her vil vere mykje dei same som for Halsnøy.

Ein vindturbinpark på Borgundnuten med vegar og oppstillingsplassar vil effektivt øydeleggje turløypa til toppen, men vil også kunna øydeleggje gamle kulturminne, og bør derfor kunna stoppast av fylket og fylkeskonservatoren. Visuelt vil desse turbinane bli ei negativ oppleving for folk i heile Sunnhordland.

Argumentasjon mot utbygging av vindkraft

Generelle argument

Tidlegare informasjonsdirektør i **NVE** Sverre Sivertsen kallar i ein avisartikkel (Adresseavisen 02.06.19) dagens vindkraftutbygging «En energipolitisk skandale» med følgjande grunngjeving:

- Eit politisk og økonomisk regime som gjer det mogleg for sterke kapitalkrefter å gjera uboteleg skade på nasjonale naturverdiar utan å betala ein øre til samfunnet for øydeleggingane.
- Utbygginga tufta på statlege subsidiar og skattlegging som favoriserar vindkraft så mykje at betre og billigare alternativ som enøk og oppgradering av eldre vasskraftverk blir mindre lønnsame. Utbyggjarane er friteke frå å betala naturskatt, mens vasskrafta i snitt betala 40%.
- Kraftig subsidiering gjennom grøne sertifikat og gratis tilgang til nyetablert straumnett, som vil vare til 2021 då ordninga med grøne sertifikat fell vekk.
- NVE seier i sin nye rame for vindkraft at om lag 100 utkantkommunar eigna for vindkraft-utbygging. Så langt er det bygd ut eller gjeve konsesjon til om lag 23 milliarder kWt vindkraft. Samstundes advarer NVE, i følgje artikkelforfattaren, mot å gå for hurtig fram med bygging av nye anlegg, ikkje minst grunna mogleg satsing på offshore / havvind vindkraft i framtida.

Alternative kjelder til grøn energi og moglege positive ringverknader

Forfattaren trekk fram følgjande alternativ peika på av ENOVA (regjeringa sitt Enøkorgan):

- Ei innsparing på 10 milliardar kWt gjennom energieffektivisering av private og offentlege bygg m.a. ved å ta i bruk varmepumper, etterisolering og varmegjenvinning.
- Opprusting av gamle vasskraftanlegg frå 1950 – 60 talet ved hjelp av moderne teknologi kan gje mellom 22 og 30 milliardar kWt meir kraft, eller ein tilgang på 50% meir kraft enn all konsesjonsgitt vindkraft vil levera. Satsing på straumsparing og oppgradering av vasskraftanlegga vil og kunne gje store positive ringverknader for mekanisk og elektronisk industri, ingeniørfag og anleggsbransjen.
- Danmark og Tyskland går no vekk frå vindkraft på land. I vindkraftlandet Danmark skal om lag halvparten v turbinane fjernast innan 2030.

(Kjelde: Avisartikkel av tidlegare informasjonsdirektør i NVE Sverre Sivertsen).

Argumenta frå artikkelen over synar at utbygging av vindkraft på land alt er avleggs og berre tenar private kapitalkreftar sterkt subsidiert av politisk vedtekne tilskotsordningar som gjer uboteleg skade på nasjonale naturverdiar.

Ein kronikk i Dagens Næringsliv av Leif Lia viser til ein studie frå Institutt for bygg og miljøteknikk ved NTNU og peikar på at nettopp oppgradering av gamle vasskraftanlegg kan gje like mykje straum som all planlagt landbasert vindkraft og det med minimale naturinngrep. Ei gjennomgang av dei 20 siste gjennomførte fornyingsprosjekta på store norske kraftverk viste at produksjonen auka i snitt med 23%.

Årsaka til at dette potensialet ikkje blir tatt ut er, i følgje studien, at prosjekta ikkje er lønsame etter skatt. Med dagens skattlegging kaster Noreg bort den desidert mest miljøvenlege nye elektrisitetsproduksjonen. 15 – 20% produksjonsauke kan fortsatt hentast ut av det eksisterande vasskraftsystemet, tilsvarande 20 – 30 terrawattimar (tWh).

(Kjelde: Kronikk i dagens næringsliv 28.05.19)

Når og viss ein skal byggja ut vindkraft synes det, av mange grunnar, langt meir fornuftig å satsa på havvind.

- Vindressursane i Nordsjøen er stabile og gjennomsnittleg vindstyrke er ideell for vindkraft.
- Noreg er verdsleiande når det gjeld kompetanse på offshoret teknologi og mange bedrifter meiner det er på høg tid at en politisk satsar på denne framtidige vekstsektoren.
- Vi treng framtidige arbeidsplassar for verftsindustrien og denne sektoren kan bli stor.
- Havvind vil med fornuftig utbygging vera langt mindre konfliktfylt enn vindkraft på land.

I tillegg har ein sjølv sagt andre alternative energikilder som solenergi, jordvarme, bioenergi, på sikt bølgekraft og havstrøm og kanskje meir problematisk og omdiskutert thorium og atomkraft.

Oppsummering av argumentasjon mot vindkraft i Kvinnherad

- I Kvinnherad er i alt 85 % av den grønne energien bygd ut i form av vasskraft og mykje av naturen ber preg av dette med anleggsvegar, tippar, fyllingar, damanlegg og regulerte vatn og elver. I tillegg har det dei seinare åra blitt bygd mange småkraftverk. No leverar Kvinnherad omlag 3 % av Noregs grønne energi.

- Med omlegging av rammevilkåra (subsidiar og skattlegging) tilsvarande dei som gjeld for utvikling av vindkraft, ligg forholda særst godt til rette for ei effektiv modernisering av dei gamle vasskraftanlegga i kommunen med eit stort potensiale for uttak av meir grøn energi og med minimale naturinngrep.
- Reiseliv og turisme blir ei stadig viktigare næring i Kvinnherad med natur og kultur-opplevingar som basis. Moglege vindkraftområde er peika ut kloss i nasjonalparkgrensa og Hardangerfjorden vil sterkt forringa kvalitetane nasjonalparkstatusen skal ivareta og fullstendig underminera turisme knytta opp mot nasjonalparken og reiselivsdestinasjon Hardanger.
- Utnytting av natur, landskap og kultur til rekreasjon og friluftsliv sommar som vinter vil bli øydelagt når / dersom det blir reist omfattande vindmølleanlegg. Det same gjeld for dei som har hytter og truleg og som beite for sau.
- I eit folkehelseperspektiv er tilgang til vakker natur og friluftsliv særst viktig. Utbygging av vindmøller og rasering av natur vil truleg verka negativt i høve tilflytting og rekruttering til lokalt arbeidsliv, livskvalitet, trivsel og folkehelse generelt. Enkelte vil nok og vurdere å flytta ut av kommunen dersom vindmølleplanane vert realisert .
- Elles vil utbygging av vindmøller få direkte negative følger i form av opptil 250 m høge turbinar som truar artsmangfald, dyre, fugle og insektsliv med støy opp mot 110 desibel, blinkande høytintens lys og farlege iskast frå turbinane. Landskapet vil bli omgjort til eit industriområde med massive inngrep i form av skjæringar, oppstillingsplassar og anleggsvegar. Desse inngrepa vil vera irreversible og endelege og dette skjer mens stadig bygger ned uberørt natur i Norge (pr. i dag om lag 12% av landarealet).
- Samstundes ønsker leverandør og verftsindustrien å koma i gang med og delta i utvikla av havvind, noko som vil kunne bli eit nytt norsk industrieventyr med vår kompetanse på offshoret teknologi og særst gunstige og stabile vindressursar i Nordsjøen. I tillegg kan ein utnytta og utvikla alternative energikjelder som nemnd over.

Med utgangspunkt i gjennomgangen av dei ulike aktuelle utbyggingsområda i kommunen og argumentasjonen over vil eg sterkt oppmoda om at Kvinnherad vert tatt ut av «Nasjonal Ramme For Vindkraft»

Sven Løkeland